

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 18. des. 2020

Stad: Nesbyen kommune, Næringstunet

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Herbrand Jegleim	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Henrik Skovly	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune

Forfall:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Reidun Katrine Halland	Hemsedal kommune

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune grunna møtekollisjon og smittesituasjonen.

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

SAK 63/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.11.2020

Vedtak:

Protokollen frå møte 27.11.2020 er godkjent.

Sak 64/20 GRØNN VEKST. AVSLUTNING AV FORPROSJEKT.

Kristian Aakervold presenterte «Grønn Vekst», med målsetingar, kva prosjektet har jobba med og korleis ønskjer ein å gå vidare i eit hovudprosjekt. I tillegg vart det presenter eit nyttig verktøy. Klimakalkulator.com.

Vedtak:

- Regionrådet vedtek at prosjektgruppa i «Grønn Vekst» jobbar vidare med finansiering av eit 3 årig hovudprosjekt og held fram med sitt arbeid til ny søknadsordning er klar i 2021.
- Saka kjem som sak til regionrådet når den er klar for det.

SAK 65/20 INNSPEL TIL PARTARSKAPSAVTALE MED VIKEN, SPESIELL DEL.

Vedtak:

1.Regionrådet ønskjer å gje innspel til partnarskapsavtale -spesiell del på følgjande tema. Fordelt på dei ulike rådsområda.

Kultur og mangfald

- Stadsutvikling. «Strategi for småbyar» ref KMD
- Frivillig arbeid. Satsing mellom fylke, frivilligheita og kommunane i Viken.
- Regionale anleggsbehov i og på tvers av kommunegrensar og mogeleg samarbeid innan idrett og friluftsliv.

Plan, klima og miljø (folkehelse)

- Bygdemiljøpakker (få meir kunnskap om dette)
- Livskvalitet med tenking Hallingdal (livskvalitet ikkje folkehelse)
- KlimaViken
- Grøn vekst Hallingdal, vidareføring

Samferdsel

- Trafikksikkerheit
- Samhandling med Statens vegvesen
- Kollektivløysing i Hallingdal (alternative kollektivløysinga)
- Samferdsel, påverknad i forhold til realisering Ringeriksbanen, Vegpakke Hallingdal, betra regularitet fjellovergangar

Næring og tannhelse

- Arbeids- og sysselsettingsutvikling. Hallingdal sin største utfordring. Arbeidskraft Auke i arbeidsplassar særleg i forhold til høgare utdanning.
- Hyttehallingen som ressurs – næringsutvikling og arbeidskraft
- «Sats på Hallingdal» ref. regional omstilling
- By, distrikt og fjellområder
- Vertskapsattraktivitet

- Utvikling av etablerertenesta
- Karriereveiledning
- Digitalisering (DigiViken)
- Rekruttering, bu og blilyst
- Jobb i Hallingdal
- Innovasjonssatsing i Hallingdal. Vidareføring av Innovasjonsverket
- Tannlegedekning i Hallingdal. Viken si rolle og ansvar

Utdanning og kompetanse

- Vidaregåande opplæring, fagskule, høgare utdanning innan relevante område (næringsretta kompetanse)
- Ungt Entreprenørskap, etablererteneste, yrkesmesse
- Toppidrett i skulen (arbeide for fylkeskommunal finansiering)

Finans og administrasjon

- Innkjøpsavtaler/Rammeavtaler som sikrar lokal deltaking
- Innovative anskaffelsar (enkeltprosjekter)
- Samarbeid om digital tenesteutvikling

Fylkesrådsleders kontor

- Internasjonalisering med utgangspunkt Hallingdal som region

2. Regionrådet ber dagleg leiar ta initiativ til møter med alle rådsområda Viken fylkeskommune i januar, der innspela kan drøftast.

SAK 66/20 INTERNASJONALT ARBEID. DRØFTING RUNDT EU-MIDLAR, KVA DEI KAN BRUKAST TIL OG KORLEIS SKAL ME ORGANISERE ARBEIDET?

Vedtak:

Regionrådet ber dagleg leiar gå i dialog med Oslokontoret, Euromontana og internasjonal avdeling i Viken for å kartlegge potensielle samarbeidspartar. I tillegg skal me kontakte Klimanettverket, Fjellnettverket, Grøn Vekst, Hallingdal Næringshage, Berekraftig reisemål, Destinasjonsselskapa.

Rådmennene/kommunedirektørane i kvar kommune skal kartlegge interesse blant eigne tilsette.

Saka blir lagt fram for regionrådet i januar, med ei tilråding og ein framdriftsplan

SAK 67/20 STRATEGISK PLAN – OPPSUMMERING ETTER HALLINGTING

Saka vart utsett til neste møte

SAK 68/20 RESTANSELISTE 2017 OG 2018

Vedtak:

Regionrådet ber om at det som står att som ugjort på restanselista frå 2017 og 2018, blir effektivt og at restanseliste frå 2015 og 2016 blir framlagt i neste møte.. Sjå Vedlegg

SAK 69/20 OVERSIKT OVER FOND OG FONDSBRUK**Vedtak:**

Regionrådet tek oversikt over fond og fondsbruken i Regionrådet til orientering.

**SAK 70/20 MØTE MED VALDRES
INVITASJON TIL ORDFØRARANE OG RÅDMENN ETTER NYTTÅR?****Vedtak:**

Regionrådet ber leiar i rådmannsutval og dagleg leiar i regionrådet ta kontakt med sine kollegaer i Valdres for å sjekke høveleg tidspunkt og laga utkast til program

**SAK 71/20 EVENTUELT
Prosjektsøknad Hyttehallingen**

Det vart orientert om prosjektsøknad som blir sendt før nyttår.

Orientering om prosjektsøknad innovasjon

Det er sendt ein søknad til Viken om støtte til utvikling av eit innovasjonssenter i Hallingdal. Regionråd, Torpomoen drift og Hallingdal Næringshage er aktørar.

Status Fagskule helse

Jan Olav gav ei kort oppdatering på status.
For helse- og omsorg er det etablert ei arbeidsgruppe.

Status IMA

Kort status om arbeidet sidan sist. Ordførar i Nesbyen og dagleg leiar i regionrådet koordinerer arbeidet vidare.

Veteranplan

Regionrådet ber kommunane betala ut kr 15000 pr. kommune som avtala for 2020.

Vardar

Ny aksjonæravtale skal vedtakast i alle kommunar
Regionrådet inviterer nytt styremedlem Knut Oscar Fleten til neste møte for å informere om si rolle i Vardar.

Kontroll av trailertrafikk på riksvegane våre

Regionrådet sender eit brev til Statens Vegvesen om at dei må bemanne vegstasjonane og stoppe trafikken før den køyrer ut på vintervegane i Hallingdal. Knut Arne Gurigard lagar utkast til brev i samråd med Pål Rørby og Petter Rukke. Rådsordførar signerer.

Hallingdal 18. desember 2020

Jan Olav Helling
Dagleg leiar